1.

Norsk Etnologisk Gransking. Fylke: Sogn og Fjordane
Emne no 6 Herad: Hornindal.
Tilleggsspørsmål: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag: Nordstranda.
Oppskreve av: Rasmus Navelsaker. Gard: Navelsaker.
Adresse : Hornindal. Gnr 9, Bnr 5.

Til sp. 1 Nei.

\- 2 Nei.

\- 3 Kjenner inga.

\- 4 Smelle eit blad i handa – lage ein rund åpning ved å setje peikefingen inn mot tommelen, væte eit blad med spytt og leggje over åpningen, og so slå til med flate høgre handa – då smell det, og bladet går det hol på.

Blåse luft inn i ein pose, knipe rundt åpninga med høgre grepet, so slå posen mot veggen, då smell det, og posen går sund.

Ta om blomestilken på smellegras (silene) med høgre tommel og peikefinger, so slå blomen mot vinstre handlove, so smell det, blomen går sund.

Gjerer ein det same med røvhanske eller røvbjølle (digitalis), so smell det og.

Skot ved festlege høve, – ved bryllaup, for å syne dei vigde merksemd og ære, og ønskje dei til lukke –

ved 17de mai børse- og dynamittskot for å syne at ein er glad for fridomen, og at ein vil verje om landet,

ved nyttår – at ein takkar for det gamle år, og ønskjer kvarandre godt nyttår.

Veit inkje om truer, at skot skulde vere vern mot vonde makter o. l.

Til sp. 5 Nei.

23/5 52, RN.

7131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING